



28. mai 2015

## PROTOKOLL

### VAL AV REPRESENTANTAR FRÅ MELLOMBELS TILSETTE (GRUPPE B) OG STUDENTANE (GRUPPE D) I FAKULTETSSTYRET VED HF – PERIODEN HAUST 2015 OG VÅR 2016

#### Bakgrunn:

Gruppe B og D har val kvart år, og gruppe A og C kvart 4. år samstundes med val av dekanat.

Valstyret ved HF er ansvarleg for alle val ved fakultetet, og avgjer alle saker som ikkje er lagt til andre organ (§ 3.2 i valreglementet). Vedtak kan klagast inn etter § 18.

#### Gjennomføring av valet

Valet på gruppe B og D blei kunngjort 4. mars gjennom oppslag på institutt og sentre, på HF og HSU sine nettsider/facebook, på Mi Side, og ved e-post gjennom voteringsperioden til alle i manntalet.

Forslagsfrist for begge gruppene var 20. april, men blei utvida til 7. mai fordi likestillingsreglementet ikkje var oppfylt etter første fristen.

Gruppe B skal ha 1 representant og 3 vara i fakultetsstyret.

Etter fristen 7. mai hadde vi 5 kandidatar og fordeling mellom menn og kvinner stetta reglementet.

Gruppe D skal ha 3 representantar og 5 vara, og innan utvida frist hadde vi 7 kandidatforslag. Vi manglar difor 1 vara, men HSU-styret vil stille med setjevara ved behov.

Kandidatane blei godkjende av valstyret via e-post-møte, og presenterte på HF og HSU sine nettsider rett etter.

Elektronisk avstemming blei gjennomført 18. til 27. mai. I perioden gikk det ut påminnings-e-postar via Mi Side og Outlook til alle i manntalet.

I gruppe B var valdeltakinga på 32,45 %, om lag dobling frå i fjor då den var 16,5%. Der var 151 personar i manntalet, og 49 av disse stemde.

I gruppe D var valdeltakinga 1,87%, ein nedgang frå i fjor då den var 3,7 %. Der var 2300 i manntalet, og 43 stemde.

Valet blei avgjort den 26. mai, og dei valde fekk melding same dag pr. e-post. Kunngjering på nettet etter godkjenning i valstyret 2. juni. UiB brukar elektronisk valprogram og preferanseval.

Dei som ønskjer det, kan få nærare informasjon om valet og valoppgjeret ved å ta kontakt med valstyret ved HF eller valsekretær Arnhild Thorseth på fakultetssekretariatet.

### **Valresultat:**

#### **Gruppe B (mellombels tilsette):**

Medlem: Guro Sandnes

Varamedlemmer: Sigrun Åsebø, Jan Jacob Hoffman, Even Sandvik Underlid.

#### **Gruppe D (studentane)**

Medlemmar: Anders Toft Lothe, Pernille Reitan Jensen, Svein-Ingvar Elvik.

Varamedlemmar: Birger Berge, Lisa Dalby Pedersen, Hans Emil Kvakland og Lars Ask. Vi manglar 1 vara, og dersom det blir behov stiller HSU-styret med setje-vara.

### **Godkjenning av valet:**

Valstyret godkjende i møte 2. juni valet samrøystes.

### **Klagefrist:**

Det er 8 dagars klagefrist på valet etter kunngjering.